

920755070

SELLEVOLL KULTUR OG LANDSKAPSPLIE

Mobilnummer

917 31 491

E-postadresse

claus.sellevoll@gmail.com

Kontonummer **** ** 87631**Vedtaksdato**

09.08.2021

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

04.07.2021

Vår referanse

Agros 160089

Vedtak om avslag på søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruksområdet – Restaurering av eldgamal gardsveg

Samandrag:

Alver kommune har vedtatt å avslå søknaden.

Alver kommune viser til søknad av 04.07.2021.

Bakgrunn i saka

SELLEVOLL KULTUR OG LANDSKAPSPLIE søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruksområdet 04.07.2021. Du søker om totalt 20 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 05.07.2021-30.08.2021. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 48 000 kroner.

Søker ønskjer å restaurere vegen ned Trossvikdalen samt oppgradere søndre del av kjerrevegen til traktorveg.

Norda stykket er i følge søknaden den tyngste slåtteteigen på bruket. Ikkje fordi den er spesielt brattlent, men fordi dei to kjerrevegane nordover bruk 147/2, begge er i svært dårlig forfatning. Like fram til -90 talet vart gras og turrhøy køyrt heim med hest og kjerre. Gjennom 3 år med beiting, potetåkrar og jordomarbeidning har søker fått hevd att på den gamle slåtteteigen. Målet deira er å kunne ta ut gras der til neste år, men det krev ei oppgradering av eine gardsvegen nordover slik at dei kan ta heim høyet med traktor. Den eldste av gardsvegane er kollapsa i eit punkt der vegen kryssar hovedgrøfta som kjem ned frå dei andre gardane og fører vatnet til sjø. Denne delen av grøfta (ca 10 meter) lyt setjast i stand for at ein skal ta seg over. Elles er det ein del bergnabbar og vegskuldrar som lyt utbetrast om ein traktor skal kunne taka seg seg trygt over til Norda stykket

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruksområdet er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruksområdet og redusere forureininga frå jordbruksområdet, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruksområdet](#) (SMIL-forskrifta) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak der det går føre seg ein produksjon med rett til tilskot på eigedommen, og som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruksområdet § 2, og § 3 eller § 4.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også først journal over plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova(NML) §§8-12,JF.§7.
Kommunen har gjennomgått artskart,naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Kommunen meiner at tiltaket ikkje er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål, jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket. Dette mellom anna fordi det gjeld oppgradering av driftsveg
Kommunen meiner at tiltaket er godt og trur at det vil bli eit bra resultat. Det kan vere verdt å ta kontakt med Fortidsminneforeninga, Arild Sæthre eller kulturavdelinga i kommunen for å høre om dei har midlar til å bidra til eit slikt prosjekt

Søker har også fått midlar til to andre prosjekt gjennom SMIL-ordninga denne søknadsrunden og kommunen velger derfor også å ikkje prioritere denne søknaden, då det er stor søknadsmengde og begrensa med midlar.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Maya Greve

Godkjend av: Laila Bjørge